

turer av detta slag genomförts främst i Skid- och Friluftsrådets regi.

Som det senaste steget i utvecklingen torde vara iglouturen i Jotunheimen påsken 1950 med deltagande av 17 ledare från Danmark, Finland, Norge och Sverige. Utvecklingen går inte framåt med stormsteg och det önskar vi inte heller. En långsam, metodisk utbildning av det hårda fjällivets män och kvinnor bör leda till det resultat som vi önskar och ger möjlighet till rekreation och avkoppling för dem som lärt sig älska vildmarken.

Arne Falkanger



Også orrfuglen
har sans for
mønster

«OG KVAR EIN STEIN —»

Av Leif Halse

Ni og tredve to, sa doktoren og gjorde ein sleng med termometret. Fortetting i brystet. Best å gje han ei sprøyte med penicilin. Utafor glaset stod sommardagen blank og blå, og sola fløynde over landet. — Eg skulle ha vore langt av leid — i Romådalen, og der låg eg skinnflat og hjelpelaus.

Etter som penicilinet tok til å verke, vart det betre å vera til. Eg hadde det godt. Det var berre den tingen at eg greidde ikkje å stå opp — eg greidde ikkje å koma meg til Romådalen.

Sjukesøstra kom og tok temp.

— Dette går fint! trøsta ho meg.

— Kan eg dra til Romådalen om fjorten dagar?

— Kanskje.

— Om tre veker?

— Sikkert.

Når eg la att augo, såg eg Romådalen med solblenk over svarte sva, med grøn elv og brune myrar. Og så tok det til å synge i hugen og vart til eit par små vers:

Synet av Romådalen
står teikna klårt i mitt sinn.
Det lyser med grønne lier
som susar i sommarvind.

Synet av Romådalen,
nei, aldri vil det bli gløymt!
Djupast i hug og minne
ligg det for alltid gøymt!

Det gjekk både tre og fire veker før eg kom på heimlege trakter. Det var sol og godver, og eg leita opp han Johan.

— Vil du vera med til Romådalen?

— Til Romådalen no — i dette veret! Nei, eg har nokre høystrå liggande borti bakkom her. Eg lyt sjå til å berge inn dei først!

Så går eg åleine på kjente stigar under bratte bakkar der revebjølla blomstrar. På meterhøge stolkar heng raude klokker tett i tett. Ei ku står midt i stigen og glor med store melankolske augo — ei heimeku. Her lyt ho gå nede i sommarheite geiljar og slåss med flue og klegg medan den andre buskapen beiter i fjellet der frisk sno held alt avåt unna. Ikkje rart om augo hennar er tunge av lengt og saknad! Lia er like bratt og tung som før — ja, enda tyngre. Snart lyt eg sette meg på ein stein og kvile. Ein er to gonger glad når ein sit på ein stein, sa dei gamle. Ein er glad når ein får sette seg og glad når ein får reise seg att.

Er det nokon som talar? Eg ser meg ikkring, men får ikkje augo på nokon. Likevel høyrer eg tydeleg målet hans Johan som seier:

— Du har tapt deg, mann!

— Tapt meg eg, nei!

— Du er tung i stigen, ser eg!

— Tung i stigen! Eg er lett og spretten som ein gutunge!

— I kjeften, ja! flirer han Johan.

— Du får hugse på at eg har lege i influensa!

— Vaksne karar bruker ikkje å dra på seg slikt skrot som influensa! Det er berre skulemeistrar og kvinnfolk som får slikt!

— Og så får du koma i hug at eg har tung børe!

— Tung børe, sa du! Ei høveleg bøttknapp-børe!

For den som ikkje er kjent med det todalske målføret skal eg fortelje at «bøttknapp» er eit bygde-uttrykk som tyder framvekstring — ein gut i fjorten-femtenårs-alderen.

Eg svarar ikkje. Johan får berre drive på med tullsnakket sitt! Eg bryr meg ikkje meir om han! Nei, da er det trivelegare å sjå på ei underleg mosehuv som ligg framover eit bratt sva. Mosen lyser i mange farger — grønt, gulgrønt og gulbrunt. Væta væssest ut av mosejaren, sig nedetter svaberget og gjer det mørkt og sleipt.

Så står eg oppe på lia, og det kjente synet av Romådalen strøy-

mer mot augo og hug: Dei same rabbar og rastar der fjellbjørk og vier kløner seg fast, og elva som renn lita og blank i lågaste len-det. Myrane står drivande kvite av myrull. Liene lyfter seg bratt til vers med skrøefar og svarte sva som blenkjer i solskinet. Det grånar i urd og fjell, lange taggete eggjer skjær mot himmelen «og kvar ein stein eg som ein kjenning finner». Langt inne grånar det i eit lågt seterskjel ved ein grøn voll. Dit skal eg. — — —

Som ein søv her i Romådalen! Ein djup velgjerande somn som kunne vare halve døgn om ein ikkje vart vekt av bjølleklang og tråkk av buskap utafør skjelet. Eg slår opp augo, og det første eg ser er oxen. Han står og bles med mulen mot øvste glasruta og undrast på kven som ligg og dreg seg inni senga. Og sjå der: Eit par kyr held på og sleikjer i seg skorner mine, og andre går til åtak på hosene. Eg sprett opp av senga og fer som eit uver mellom kalvar og kyr og bergar sko og hoser og jagar gjestene langt opp i slætta.

Underleg at somme krøtter skal vera så gloherske etter klede. Eg har høyrte fortalt at på ein gard i Todalen hadde dei ei ku som var meir enn vanleg glad i klede. Dei kveldane ho fekk varm drikk med kledediller klipt oppi, mjølka ho dugeleg. Da mjølka ho bytta full og vel så det!

Sola skin frå klår himmel. Elva søgjer i soldagen, og bjøllene klunkar og let. Så set eg meg på vollen, rangar skjorta av kroppen og let sola varme meg heilt inn i sjela.

Og så er Johan der att. Det er som målet hans let alle stader ifrå: — Du har det bra no? Ja, dette er livet det, gut! Dette er meir verdt enn all den glori og glitter som folk renner halvgalne etter no for tida! Kan du forstå at folk vil gå og trække kvarandre på hæljar og tær i byar og tette grender, når store vide fjellet ligg slik og ventar på dei?

Johan har rett. Her er det godt å vera. Her er ingen ting som skakar ein opp og riv nervane i filler! Her er fred, og her er ro!

Eg møtte ein gong ein svenske, ein rallare og slåssare. Han kunne drikke seg full og banne og snakke stygt og fara åt som ein villmann. Men han var glad i naturen, i fjellet og einsemda. Oftast

drog han til fjells åleine, og han sa ein gong nokre ord om desse turane sine:

— När jag kommer ut på morgonen, då är alt tyst. Snön ligger vit och orörd så långt ögat rækker. Jo, då är det vackert, må Ni tro! Allt är vitt och rent, och jag tycker det är som jag talar vid Gud fader själv!

Desse orda treng ikkje kommentar og forklaring. På ein enkel og vakker måte gir dei uttrykk for at fjellet og einsemda har ei forunderleg evne til å lokke fram det beste i mennesket. Fjellet kan gi dei største opplevingar — det som byen og tettgrendene ikkje kan gi — tid til omtanke og tid til å vera for seg sjølv.



«Trolltog» i Bymarka

J. Geelmuyden

ROAR TØNSETH

Hvis De har vært på Storerikvollen og lar tanken gå tilbake til den flotte beliggenheten denne hytta har, så vil De sikkert huske hvor godt den «ligger i terrenget». Nettopp denne lange, lave tømmerbygningen er det som markerer hele landskapets rolige linjer og det vide utsyn.

Husker De førsteinntrykket av Nedalshytta, der den ligger inni vakker bjørkeskog og med Nea i dovne slyng forbi? Den er en idyll og har mange trofaste venner.

Eller kanskje De har tatt turen opp til «Nordpå» i Haltdalen og sett hvordan denne hytta er «bygget sammen med bakken» — en dristig og morsom, men strålende løsning.

Selvfølgelig har De vært på Gjevilvasshytta og beundret den ypperlige kombinasjon av de to ærverdige, gamle bygninger: Sliperstugu fra Oppdal og Tingstua fra Meldal. Ja, De har sikkert beundret den kultur som kjennetegner dette bygg, både i form og farger.

Slik kunne vi ta alle våre hytter, og ved hver av dem finner vi et særpreg som er skapt av en bevisst vilje. Alt dette kan T. T. takke Roar Tønseth for. De skiftende styrer ønsket nye, større og bedre hytter — Roar Tønseth var den som formet dem, ga dem et personlig preg. At han har vært heldig er vi alle skjønt enige om. Derfor retter vi en oppriktig takk til ham også her i årboka fra det store VI ved

to av dem.

